



KOPI

Morten Tveit  
Reikeråsvegen 69  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/506 - 19/8848

Saksbehandlar:  
Irene Wilhelmsen  
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:  
18.03.2019

## Svar på søknad om utvida bruk av avkøyrsløve - gbnr 24/153 Fammestad

**Tiltak:** avkøyringsløve  
**Byggjestad:** Gbnr: 24/153 Fammestad  
**Tiltakshavar:** Richard Bergetun Hindenes  
**Ansvarleg søkjar:** Hindenes Hus AS

Delegasjonssak nr.:

Saka gjeldt søknad om utvida bruk av avkøyrsløve til kommunal veg for 3 bustadeiningar datert 20.02.2019.

### Saksutgreiing:

#### Informasjon om saka:

Det har tidlegare vore gitt avkøyringsløve for 2 bustadeiningar i samband med fradeling av tomt. I det løyvet ligg det avtale om vegrett over gbnr 24/3 fram til den nye tomte som skulle skiljast frå. Ny tomt har fått gbnr 24/153.

Det vert i denne søknaden søkt om avkøyringsløve for 3 bustader, då bustad som er planlagt bygd på gbnr 24/153 har sakkelleilighet.

#### Vurdering/drøfting:

Kravet til avkøyrsløve vert ikkje endra ved å auke løyvet frå 2 til 3 bustadeiningar.

Det er sett av plass til eigen parkering for sakkelleilighet, totalt 4 parkeringsplassar for bustaden.

Det er viktig at det ikkje vert planta eller sett gjenstander i siktsona som vil vere til hinder for eller reduserer sikta.

For informasjon er kommuneveg kv92 som går forbi avkøyrsløve, planlagt utbetra med ved hjelp av djupstabilisering i løpet av vår/sommar 2019. Eit av krava ein set til avkøyrsløve frå kommunal veg er at dei er drenert med minimum 200mm røyr. Det kan vere lurt å ha lagt røyr og tilpassa avkøyrsløve før planlagt asfalteringsarbeid haust 2019.



### Samandrag/konklusjon:

Det kan gis løyve til utvida bruk av avkjørsla, ved å auke løyvet for avkøyning frå 2 til 3 bustadeiningar.

### **Vedtak:**

Lindås kommune gjev løyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet gjeld utviding frå 1 til 2 bustadeiningar for tomt 1 i det gamle løyvet som no har fått gbnr 24/153.

Løyvet gjeld 1 bustadeining for tomt 2 i det gamle løyvet som er ikkje målt inn og fortsatt ligg på gbnr 24/3.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstillar tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siktsona kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegnivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.

**Ver merksam på at løyve til avkjørsle berre gjeld tilknytning til kommunal veg.**

**Bygging/utbetring av avkjørsle treng eige løyve etter plan- og bygningslova.**

### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

### **Bortfall av løyve**

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4.ledd.

Med helsing

Rune Kilen  
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen  
ingeniør

Morten Tveit og Merethe Vindenes  
Reikeråsvegen 69  
5913 EIKANGERVÅG


Fammestad 24.11.2019

Lindås Kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

#### AVTALE OM VEG

Gnr. 24 Bnr. 3 ved eigarar Morten Tveit og Merethe Vindenes gir vegrett fra avkjørsel kommuneveg over eigedom og fram til tomt (se vedlagt kart).

Med helsing frå



Merethe Vindenes ..... Morten Tveit